

ÅRSPLAN

Fag: Spansk

Trinn: 10. trinn

Skuleår: 2025-2026

Læremiddel: *Gente 10*

Grunnleggande ferdigheiter i faget (Henta frå UDIR)

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i framandspråk er å skape meining gjennom å lytte, snakke og samtale i ulike kommunikasjonssituasjonar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke ferdigheitene i kvardagslege samanhengar til å bruke dei i stadig meir komplekse situasjonar. Dette inneber å ta i bruk eit gradvis breiare ordforråd og fleire språklege strukturar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i framandspråk er å skape ulike typar tekstar som kommuniserer eit innhald. Utviklinga av skriveferdigheiter i framandspråk går frå å skrive enkle tekstar om kvardagslege emne til å produsere stadig meir komplekse tekstar om faglege emne. Dette inneber også å tileigne seg eit gradvis breiare ordforråd, å ta i bruk fleire språklege strukturar, og å bruke hjelpemiddel på ein føremålstenleg måte. Å bruke tastatur med språkets teikn og å skrive framandspråket digitalt er ein viktig del av det å kunne skrive og formidle kompetanse i faget.

Å kunne lese

Å kunne lese i framandspråk er å forstå innhaldet i ulike typar tekstar, både på papir og digitalt. Utviklinga av leseferdigheiter i framandspråk går frå å forstå hovudinnhaldet i enklare tekstar til å forstå stadig meir innhald i komplekse tekstar i ulike sjangrar. Dette inneber å forstå stadig fleire ord, uttrykk og språklege strukturar, og å bruke strategiar, hjelpemiddel og kjelder på ein føremålstenleg måte, slik at det å lese bidreg til språklæring og interkulturell kompetanse.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i framandspråk er å bruke digitale ressursar og medium til å utvide læringsarenaen og tilføre læringsprosessen verdifulle dimensjonar. Utviklinga av digitale ferdigheiter i framandspråk går frå å bruke desse ressursane til språklæring og møte med autentisk språk, til i aukande grad å bruke dei sjølvstendig for å kommunisere munnleg og skriftleg, hente inn kunnskap, utforske kultur og geografi og lage samansette produkt. Dette inneber å utvikle ei medviten og kritisk haldning til bruk av digitale kjelder, å vise dømmekraft i bruk av digitale medium og ressursar, og å følgje reglar for digital samhandling og personvern.

Kompetansemål LK20

1. Lytte til og forstå enkel og tydeleg tale om personlege og daglegdagse emnar
2. Delta i enkle samtaler i daglegdagse situasjonar om aktivitetar og kjente emnar
3. Munnleg fortelje om daglegliv og opplevingar og uttrykke meiningar, også spontant
4. Lese og forstå tilpassa og enklare autentiske tekster om personlege og daglegdagse emnar
5. Skrive enkle tekster om daglegliv og opplevingar som fortel, beskriver og informerer, med og utan hjelpemidlar
6. Bruke enkle språklege strukturer, reglar for uttale og rettskriving og språkets offisielle alfabet eller teikn for å kommunisere på ein situasjonstilpassa måte.
7. Bruke relevante lærings- og kommunikasjonsstrategiar, digitale ressursar og erfaringar frå tidlegare språklæring i læringsprosessen
8. Utforske og beskrive levemåtar, tradisjonar og geografi i områder der språket bli snakka og sjå samanhengar med egen bakgrunn
9. Utforske og beskrive kunstnariske og kulturelle uttrykk frå områder der språket blir snakka og gi uttrykk for egne opplevingar.

Intro ¡Bienvenidos! s.8-12

Periode: August - september

Repetisjon frå 9.trinn.

-Å stille spørsmål og svare

-Å fortelje om deg sjølv og heimstaden din

-Spørjeord s.133

Regelrette verb i presens

- Verba *estar, ser, tener* og *hay*

- Samsvarbøying mellom substantiv og adjektiv

Læringsmål: Du skal kunne fortelje om kva du og andre gjer.

- Du skal kunne fortelje om kva du og andre skal gjere.

- Du skal kunne fortelje om kva du og andre har gjort og stader de har vore.

- Du skal kunne bøye verb i futurum (framtid) med ***ir + a + infinitiv*** (*voy a comer*).

- Du skal kunne bøye verb i presens perfektum (kva du har gjort).

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2 og 3. Sjå side 2.	Kommunikasjon	Demokrati og medborgarskap : Elevane kan lage presentasjonar om eigen identitet og korleis dei kan vere aktive medborgarar i samfunnet.	Stasjonsarbeid: Rettleieleing. Lytteøvingar med lydopptak. samtaler for å trene forståing. Gruppearbeid og pararbeid for å øve på kommunikasjon i trygge situasjonar. Skrivestunder med enkle tekstar om seg sjølv. Bruke digitale verktøy til å skrive og rette tekstar. Øve på grammatikk og rettskriving i samband med tekstskriving. Få tilbakemelding frå lærar og medelevar for å utvikle skriveferdigheitene.	Munnleg vurdering : Dialogar: Fortelje om seg sjølv og stille spørsmål. Bruk modelltekstar frå s. 8-9 og s. 12-13 (munnleg, lydopptak (Podcast-format), video (TikTok-format)). 1–3 minutt. - El libro YO: Sjå over informasjonen du har skrivet om deg sjølv i YO-boka på 8. og 9. trinn. Munnlege aktivitetar: - Korte munnlege presentasjonar om seg sjølv. - Gruppesamtale med korte presentasjonar: <i>¡Hola! Me llamo... Tengo... años, Vivo en...</i> Bruk modelltekstar frå s. 8-9 og s. 12-13. Framføring og levering av PowerPoint og tekst- Así soy yo y mi tiempo libre. - Kahoot Skriftleg vurdering : Cuba, s. 13. Skriv nokre setningar om Cuba. (YO-boka eignar seg godt til mappevurdering). Læringsressurs: Gente 10. A-univers. Lydfilar frå NDLA ProfedeELE

Tema 1: ¿Qué vas a hacer y qué has hecho? S 16-26

Periode: September-oktober

Repetisjon:

- Å fortelje om kva du og andre gjer
- Å fortelje om kva du og andre skal gjere
- Å fortelje om kva du og andre har gjort og steder de har vore
- Futurum med **ir + a + infinitiv**
- Presens perfektum
- Bindeord (porque, pero, y, o, que, también, además)
- Litt om folkefestar og tradisjonar i Spania

Læringsmål:

Du skal kunne fortelje om kva du og andre gjer.

- Du skal kunne fortelje om kva du og andre skal gjere.
- Du skal kunne fortelje om kva du og andre har gjort og steder de har vore.
- Du skal kunne bøye verb i futurum (framtid) med **ir + a + infinitiv** (*voy a comer*).
- Du skal kunne bøye verb i presens perfektum (kva du har gjort).
- Du skal kunne litt om folkefestar og tradisjonar i Spania.

Du skal kunne bruke bindeord på ein naturleg måte.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1 og 2 Sjå side 2.	Kommunikasjon	Demokrati og medborgarskap Reflektere over ulike høgtider og tradisjonar i Spania og Noreg. Diskuter likskapar og skilnader. Elevane kan intervju kvarandre om sine eigne tradisjonar og korleis desse blir feira i ulike familiar og kulturar. -Jobbe med språklege ferdigheiter for å fortelje om eiga og andre si kvardag og planar, noko som bidreg til å styrkje deira evne til å delta i samtalar og uttrykkje seg i ulike sosiale situasjonar.	Heile klassen planleggjar ei reise til Costa Rica. Alle får ulike roller. Øve på grammatikk og rettskriving i samband med tekstskriving. Få tilbakemelding frå lærar og medelevar for å utvikle skriveferdigheitene. Kameratvurdering.	Munnleg vurdering : Dialogar: Fortelje om kva ein skal gjere i nær framtid (munnleg, lydopptak). Samtale med læraren. Skriftleg vurdering: - <i>El libro YO: Mis planes</i>, s. 19. Skriv om planane dine. Mis vacaciones, s. 23. Skriv om at du har vore på ferie i Spania eller på Cuba. Saludos del extranjero, s. 25. Skriv ei feriehelsing frå eit spansktalande land (eventuelt som ledd i mappevurdering eller eit postkort). - <i>¡Ya sabes!</i> + <i>¡Ya sé!</i> (refleksjonssamtale rundt oppstarts- og oppsummeringssidene).Lage plakat om fritida. Aktivlæring: Kameratvurdering Læringsressurs: Gente 10. A-univers. Lydfilar frå NDLA ProfedeELE: ProfedeELE: Home Kahoot

Tema 2: Este cuadro me gusta s. 31-50

Periode: Oktober

Å seie kva du syns og meiner om noko

- Å fortelje om noko som pågår

- **estar + gerundio**

-de for eierskap (genitiv)

-verba *gustar, encantar, interesar*

-peikeord

- Litt om malarkunst

- Litt om Frida Kahlo

- Litt om «De dødes dag»

- Litt om film og tv-seriar

Repetisjon:

- Tidsuttrykk

- Preposisjonar

-verb med omlyd

Læringsmål:

Du skal kunne seie kva du syns og meiner om noko.

- Du skal kunne fortelje om noko som pågår.
- Du skal kunne bruke gerundium **estar + gerundio**.
- Du skal kunne bruke ordet *de* for eierskap (genitiv).
- Du skal kunne bruke verba *gustar*, *encantar* og *interesar*
- Du skal kunne bruke peikeord

(*este, esta, esa* osv.)

- Du skal kunne litt om malarkunst i den spansktalande verda.
- Du skal kunne litt om Frida Kahlo.
- Du skal kunne litt om «De dødes dag».
- Du skal ha litt kjennskap til spanske filmar og tv-seriar.
- Du skal kunne bruke tidsuttrykk (*mañana, el fin de semana* og *ayer* osv.)
- Du skal bruke preposisjonar (*en, entre* osv.)
- Du skal kunne bøye verb med omlyd (*querer, poder* osv.)

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
3, 4,5 , 6 og 9 Sjå side 2.	Kommunikasjon	Demokrati og medborgarskap . Folkehelse og Livsmestring: Diskutere om Frida Kahlo og kunsten hennar, spesielt korleis ho brukte kunst til å uttrykkje personlege utfordringar og kulturell identitet. Undersøkje <i>De dødes</i> Dag og det kulturelle bakteppet for denne.	Tekstar og oppgåver frå kap. 2	Munnleg vurdering : Dialogar: Snakke om filmar og seriar. Snakke om kva ein likar og meiner om noko (munnleg). - <i>El libro YO: ¡Mira qué estamos haciendo!</i>, s. 35. Finn eit bilde og skriv kva personane holdar på med. Halloween en Noruega y el Día de los Muertos en México, s. 41. Samanlikn halloween i Noreg med De dødes dag i Mexico. Cine, películas y series, s. 43. Bruk modellteksten og skriv om kino, filmar og seriar. Mis series y películas preferidas, s. 45. Andre aktivitetar: Presentasjon: Bruk det de har lært til no og lag ein presentasjon om tradisjonar og fester i spansktalande land. Samanlikn gjerne med tradisjonar og fester i Noreg. (munnleg presentasjon, video). Sjå «<i>Vurdering for læring</i>» s. 88-89. Skriftleg vurdering : Skriftleg øving på verbbøying i gerundium. - <i>¡Ya sabes!</i> + <i>¡Ya sé!</i> (refleksjonssamtale rundt oppstarts- og oppsummeringssidene). Læringsressurs Gente 10/ A-univers .Lydfilar frå NDLA ProfedeELE: ProfedeELE: Home

Tema 3: Viajamos a Chile y España s. 53-68

Periode: November- desember

- Å snakke om været og årstidene
- Å snakke om en reise
- Å spørje om og forklare vegen
- Uttrykk for å samanlikne
- Litt om Chile og Spania

Repetisjon:

- Verb i presens, futurum og presens perfektum

Læringsmål:

- Du skal kunne snakke om været og årstidene.
- Du skal kunne snakke om ei reise.
- Du skal kunne spørje om og forklare vegen.
- Du skal kunne bruke uttrykk for å samanlikne (*tanto, tan, osv.*)
- Du skal kunne litt om Chile og Spania.
- Du skal kunne bruke verb i presens (nåtid: *como*), futurum (framtid: *voy a comer*) og presens perfektum (fortid: *he comido*).

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
2 og 6 . Sjå side 2	Kommunikasjon	Demokrati og medborgarskap Folkehelse og livsmestring .	Tekstar og oppgåver frå kap. 2	Munnleg vurdering : Dialog: “Planlegg ei reise” To og to elevar lagar ein kort dialog der dei fortel kvar dei skal reise, korleis vêret er der, og kva dei skal gjere. Rollespel: Turist og guide. Ein elev er turist som spør etter vegen, den andre er guide som forklarar.. Mini-presentasjon (1–2 minutt): Elevane vel Chile eller Spania og presenterer kort: klima, ein stad dei vil besøke, og noko som er ulikt frå Noreg. Kan gjerast som lydopptak (podcast-stil) eller video (TikTok/shorts-format). Skriftleg vurdering: Reisedagbok. Reisebrosjyre. Postkort frå ferien.
				Læringsressurs Gente 10/ A-univers Digitale læremidlar frå frå NDLA(Lydfila). Nettressursar som: ProfedeELE: Home og Aprender español for ekstra øving: Ejercicios de español - Aprende español con actividades ELE Lyttetekstar laga av læraren.

Tema (ekstra , knytt til interkulturell kompetanse): La Navidad en España y en Noruega.

Periode: Dei siste vekene i desember.

Her lærer du

Å beskrive og samanlikne juletradisjonar i Spania og Noreg

Å bruke relevante spanske ord og uttrykk knytt til jul og høgtid

Å reflektere over likskapar og skilnader i tradisjonar

Læringsmål

-Du skal kunne fortelje om juletradisjonar i Spania og Noreg.

-Du skal kunne skrive enkle setningar om jul på spansk. Nederst i skjemaet

-Du skal kunne beskrive og samanlikne juletradisjonar i Spania og Norge.

Du skal kunne bruke relevante spanske ord og uttrykk knytt til jul og høgtida.

Du skal kunne forstå og forklare korleis julefeiring påverkar samfunnet og kulturen i begge landa.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2 og 9. Sjå side 2.	Språkbruk i ulike situasjonar og formål.	Demokrati og medborgarskap: Respekt for kulturelt mangfald og tradisjonar.	Korte samtalar om jul i Spania og Norge.	Munnleg vurdering : Samtalar i grupper og korte presentasjonar.
	Kultur og samfunn i spansktalande land.	Folkehelse og livsmestring : Å delta i sosiale tradisjonar som gir mening og tilhørighet.	Lage eit julekort til nokon. Diskusjonar og refleksjon i grupper om forskjellar og likskapar. Lytteøvingar frå NDLA og andre spanskressursar.	Skriftleg vurdering : Skrive enkle setningar om juletema.
	Samanlikning av tradisjonar og levemåtar.		Korte presentasjonar om jul i Spania og Noreg. Diskusjonar og refleksjon i grupper om forskjellar og likskapar.	Læringsressurs Gente 10/ A-univers Lydfilar frå NDLA. Nettressursar som: ProfedeELE: Home og Aprender español for ekstra øving: Ejercicios de español - Aprende español con actividades ELE

Tema 4. Mi planeta s. 71-88

Periode: Januar-februar

- Å snakke om natur og miljø
- Å snakke om dyr
- Å gi råd
- Litt om Costa Rica
- Litt om Guatemala
- Litt om økoturisme

Grammatikk

Tener que, deber

Que(som og at)

Direkte objekt

Repetisjon:

Samsvarsbøying og gradbøying

Læringsmål

Du skal kunne snakke om natur, miljø og dyreliv på spansk ved å bruke relevante ord og uttrykk.

Du skal kunne bruke grammatikk som *tener que*, *deber*, og *que* (som og at) korrekt i munnleg og skriftleg spansk.

Du skal kunne forstå og forklare om økoturisme i Costa Rica og Guatemala, og korleis turisme kan vere berekraftig.

Du skal kunne reflektere over korleis vi kan ta vare på naturressursar og miljø i kvardagen.

Du skal kunne lage enkle tekstar og presentasjonar om miljø, klimaendringar og berekraft på spansk.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
6, 7 og 8. Sjå side 2	Språklæring: å utvikle ordforråd knytt til natur, miljø og klima. Kommunikasjon: å uttrykkje meiningar og gi råd på spansk. Kultur, samfunn og litteratur: å få innsikt i miljøutfordringar og økoturisme i Latin-Amerika.	Berekraftig utvikling: Utforske tema som økoturisme i Costa Rica og Guatemala, og reflektere over korleis turisme kan vere berekraftig. Diskutere korleis vi kan ta vare på miljøet samtidig som vi støttar lokalsamfunn. Lære om dyr og naturressursar. - Diskutere korleis dei sjølve kan bidra til miljøvern og berekraft i kvardag.	Lytteøvingar frå NDLA og Gente 10 (natur og miljø). Lesetekstar om Costa Rica, Guatemala og økoturisme. Gruppearbeid: Lage plakatar og digitale presentasjonar om miljø. Rollespel: Diskusjon om miljøtiltak – “tener que/deber”. Skrive korte tekstar (t.d. “10 consejos para salvar el planeta” Bruke Kahoot og digitale verktøy for å repetere ordforråd og grammatikk.	Munnleg vurdering : Samtalar i grupper Skriftleg vurdering : Skrive enkle setningar om miljø.
				Læringsressurs Gente 10/ A-univers Lydfilar frå NDLA. Nettressursar som: ProfedeELE: Home og Ekstra øvingar: Ejercicios de español - Aprende español con actividades ELE

Tema(Ekstra- knytt til interkulturell kompetanse): La semana Santa

Periode: Februar- mars

Grammatikk:

Celebrar, decorar

Læringsmål:

Du skal kunne beskrive og samanlikne påsketradisjonar i Spania, Latinamerika og Norge.

Du skal kunne bruke relevante spanske ord og uttrykk knytt til påske.

Du skal kunne reflektere over likskapar og skilnader i tradisjonane og kva dei betyr for menneska i de to landa.

Du skal kunne skrive enkle setningar om påske på spansk med god struktur og innhald.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
	Språkbruk i ulike situasjonar og formål. Kultur og samfunn i spansktalande land. Samanlikning av tradisjonar og levemåtar.	Demokrati og medborgarskap: Respekt for kulturelt mangfald og tradisjonar. Folkehelse og livsmestring : Å delta i sosiale tradisjonar som gir mening og tilhørighet.	Lytteøvingar. Korte presentasjonar om påske i Spania og Norge. Diskusjonar og refleksjon i grupper om forskjellar og likskapar.	Munnleg vurdering : Samtalar i grupper. Kort presentasjon om folkefestar i Spania. Samanlikn gjerne med folkefestar i Norge (video , lydfil eller munnleg). Skriftleg vurdering : Skrive enkle setningar om påske. Læringsressurs Gente 9.Repetere ein tekst. Lydfilar laga av læraren. Videoar frå: VideoEle(Youtube).

Tema 5. El futuro y el pasado s. 91- 113

Periode: April, mai, juni

Her lærer du

- Å snakke om yrke og arbeid
- Å fortelje kva du ønskjer å gjere i framtida.
- Å fortelje om noko som skjedde
- Litt om barnearbeid
- Litt om utdanning og skulegang
- Litt om Perú

Repetisjon

Regelrette verb

Samsvar mellom substantiv og adjektiv

Læringsmål

- Du skal kunne snakke om yrke og framtidsdraumar.
- Du skal kunne bruke futurum (ir + a + infinitiv) for å fortelje kva du skal gjere i framtida.
- Du skal kunne bruke preteritum for å fortelje om noko som skjedde.
- Du skal kunne reflektere kring barnearbeid og utdanning i spansktalande land.
- Du skal kunne skrive korte tekstar og halde enkle presentasjonar om utdanning, arbeid og framtid

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
1, 2, 6, 8 og 9 Sjå side 2.	Kommunikasjon: uttrykkje draumar, planar og erfaringar. Kultur og samfunn: få innsikt i utdanning, arbeid og barnearbeid i Latin-Amerika.	Berekraftig utvikling: Diskutere utdanning som nøkkel til berekraftig utvikling. Demokrati og medborgarskap: Reflektere kring rettar som utdanning og arbeid. Folkehelse og livsmeistring: Reflektere kring eigne draumar, yrke og framtid.	Lytte intervju om Laura frå Perú. Gente 10 (tema utdanning, barnearbeid og framtid). Lesetekstar og samtalar om Perú. Dialogar i par: “¿Qué quieres ser en el futuro?” Rollespel: jobbintervju på spansk. Skrive korte tekstar: <i>Mis sueños para el futuro / Lo que hice el verano pasado.</i> <i>Bruke Kahoot og digitale verkøy for å repetere ordforråd og grammatikk.</i>	Munnleg vurdering: Dialog om framtidsplanar. Kort presentasjon om yrke og utdanning i Perú. Rollespel: jobbintervju. Skriftleg vurdering: Kort tekst om framtidsdraumar (Mi futuro). Forteljing i preteritum om ei oppleving (El año pasado). Refleksjonstekst: utdanning og barnerettar i ulike land.
				Læringsressurs
				Gente 10 Reels om barnearbeid. VideoEle (arbeid og framtid).